



Saksframlegg

Vår ref. 23/1700 - 1
Saksbehandler Sven Sandvik
Dato 30.05.2023

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
23/60	Utvalg for teknikk, landbruk og miljø	14.06.2023

Uttale til konsesjonssøknad for Gjosa kraftverk

Forslag til vedtak

Sirdal kommune vil tilråda at det vert gitt konsesjon for utbygging av Gjosa kraftverk sjølv om den samla belastninga knytt til kraftutbygging i området allereie er stor. Dei viktigaste momenta som talar for utbygging er behovet for fornybar energi nasjonalt og globalt og ulemper knytt til andre former for utbygging som til eksempel vindkraft i fjellområder og småkraftverk i urørte vassdrag.

Kommunen viser til at det nyleg er gitt pålegg om slepp av minstevassføring for å betre miljøtilhøva i Gjosa. Ein føresett at det vert stilt vilkår som sikrar at minstevassføringa Sira-Kvina er pålagt å sleppe kjem vassdragsmiljøet i nedre del av Gjosa til gode og ikkje går inn i produksjonen til det nye vasskraftverket. Ein føresett også at det vert stilt vilkår som sikrar at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til beitedyr i området.

Utvalg for teknikk, landbruk og miljø 14.06.2023

Behandling

Odd Inge Josdal (FRP/SL) la frem tilleggspunkt til forslag til vedtak:

Ein føreset vidare at det vert stilt vilkår som sikrar at smia og oppsette murer/borger langs vegen til dammen blir bevart.

Utvalg for teknikk landbruk og miljø stilte seg samlet bak dette tilleggspunktet

Kommunesirektørens forslag til vedtak med tilleggspunkt fra Odd Inge Josdal (FRP/SL) ble enstemmig vedtatt.

TLM - 23/60 vedtak

Sirdal kommune vil tilråda at det vert gitt konsesjon for utbygging av Gjosa kraftverk sjølv om den samla belastninga knytt til kraftutbygging i området allereie er stor. Dei viktigaste momenta som talar for utbygging er behovet for fornybar energi nasjonalt og globalt og ulemper knytt til andre former for utbygging som til eksempel vindkraft i fjellområder og småkraftverk i urørte vassdrag.

Kommunen viser til at det nyleg er gitt pålegg om slepp av minstevassføring for å betre miljøtilhøva i Gjosa. Ein føresett at det vert stilt vilkår som sikrar at minstevassføringa Sira-Kvina er pålagt å sleppe kjem vassdragsmiljøet i nedre del av Gjosa til gode og ikkje går inn i produksjonen til det nye vasskraftverket. Ein føresett også at det vert stilt vilkår som sikrar at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til beitedyr i området.

Ein føreset vidare at det vert stilt vilkår som sikrar at smia og oppsette murer/borger langs vegen til dammen blir bevart.

Alternative forslag til vedtak

Sirdal kommune vil ikkje tilråda at det vert gitt konsesjon for utbygging av Gjosa kraftverk. Gjosa er allereie tungt regulert. Det er ikkje ønskeleg med ytterlegare regulering. Kommunen viser til at det nyleg er gitt pålegg om slepp av minstevassføring for å betre miljøtilhøva i elva. Kommunen viser også til at den samla belastninga knytt til kraftutbygging i området allereie er stor.

Dersom det likevel vert gitt konsesjon må det stillast vilkår som sikrar

- at minstevassføringa Sira-Kvina er pålagt å sleppe i Gjosa kjem vassdragsmiljøet i nedre del av Gjosa til gode og ikkje går inn i produksjonen til det nye kraftverket
- at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til beitedyr i området

Samandrag


Konsesjonssøknad for bygging av Gjosa kraftverk er på høyring. Kommunedirektøren vurderer saka som krevjande. Det er tale om restfeltet til ei elv som er tungt regulert frå før og som akkurat har vore gjennom ein revisjonsprosess der det er gitt pålegg om slepp av minstevassføring. Kommunedirektøren meiner det er rimeleg å stille vilkår som sikrar at minstevassføringa Sira-Kvina er pålagt å sleppe kjem vassdragsmiljøet i nedre del av Gjosa til gode.

Bakgrunn


Gjosa Kraft AS, som i sin heilskap er eigd av Fossberg Kraft AS, søker om konsesjon for bygging av Gjosa kraftverk i Sirdal kommune. Høyringsfristen er sett til 09.06.2023. Sirdal kommune har fått utsett høyringsfrist til 15.06.2023.

Gjosa kraftverk vil utnytte eit fall på 204 m i nedre del av Gjosa og medføre redusert vassføring over ei strekning på 850 meter. Det naturlege nedbørsfeltet til Gjosa er på 27,1 km². Øvre del av nedbørsfeltet – 14,6 km² – er overført til Tonstad kraftverk. Det nye kraftverket vil utnytte eit restfelt på på 12,5 km² nedstraums inntaket til Tonstad kraftverk. Kraftverket vart planlagt og konsesjonssøkt før det vart gitt pålegg om slepp av minstevassføring frå inntaket til Tonstad kraftverk. Sira-Kvina si minstevassføring inngår difor ikkje i produksjonsgrunnlaget som søknaden bygger på. Det er venta at gjennomsnittleg årsproduksjonen vil ligge på 7,65 GWh.

Det vert søkt om nedgrave røyr på heile strekninga. Det vil i høve søknaden vera behov for å sprengje ein del i røyr-gata heilt nedst mot kraftstasjonen og på sjølve tomte til kraftstasjonen nede ved Sira. Det vil vera behov for ein ca. 250 meter lang permanent tilkomstveg til kraftstasjonen og ein ein snuplass/riggplass på ca. 200 m² ved kraftstasjonen. Kraftverket skal koplast til eksisterande 22 kV-kraftlinje nord for kraftverket via ein nedgrave jordkabel. Turvegen mellom Tonstad og Seland skal i høve planane haldast open for fotgjengarar gjennom heile anleggsperioden.



I anleggsfasen vil det langs røyr-gata måtte ryddast skog i eit belte på 20-30 meter. Toppdekket skal leggjast til side og førast attende etter lukking av grøfta for å lette tilveksten av stadlege artar. I røyr-gatetraseen er det registrert ein førekomst av naturtypen gamal furuskog med ståande død ved som etter Miljødirektoratet sin instruks for konsekvensutgreiingar er gitt stor verdi. Denne førekomsten vil i høve konsekvensutgreiinga verta sterkt forringa som følgje av ryddebeltet. Førekomsten av gamal furuskog og ryddebeltet på 20-30 meter er synt i kartet nedanfor. I søknaden er det opplyst at ein vil smalne inn traseen gjennom dette området til maksimalt 16 meter og så langt som praktisk mogeleg spare gamle tre innanfor denne trasebreidda.



Det er planlagt ein inntakskulp på ca. 400 m² med ein terskel som er intill 3-4 meter høg og ca. 20 meter lang. Tilkomst til inntaksområdet er planlagt på eksisterande veg frå Josdal. Denne må forlengast med ca. 50 meter og kanskje utvidast somme stader i byggeperioden.

Det vert lagt opp til slepp av minstevassføring på 50 l/s heile året, tilsvarande alminneleg lågvassføring.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer dette som ei noko vanskeleg sak prinsipielt. Det er tale om restfeltet til ei elv som er tungt regulert frå før og som akkurat har vore gjennom ein revisjonsprosess der det er gitt pålegg om slepp av minstevassføring. Dersom det vert gitt konsesjon på vilkåra som er foreslått i søknaden vil minstevassføring som skulle komme vassdragsmiljøet i nedste del av Gjosa til gode i staden verte nytta til kraftproduksjon. Den samla belastninga knytt til kraftutbygging er allereie stor lokalt. Om ein ser prosjektet i ein større samanheng og vurderer søknaden opp mot utbyggingar av vindkraft i fjellområder og småkraftverk i vassdrag som frå før er urørte, kan det likevel vera fornuftig å bygge ut kraftverket.

Når øvre del av nedbørsfeltet til Gjosa i si tid vart overført til Tonstad kraftverk vart det ikkje stilt krav om minstevassføring. Sirdal kommune bad om opning av vilkårsrevisjon for Sira-Kvina reguleringane i mars 2010. I august 2016 vart det inngått ein frivillige avtale mellom Sirdal kommune og Sira-Kvina kraftselskap der det mellom anna vart avtalt slepp av minstevassføring i Gjosa på 50 l/s i perioden 1.6. - 31.8. og 20 l/s i perioden 1.9. - 31.5. Minstevassføringa vart avtalt på grunnlag av faglege utgreiingar og råd. I dei nye konsesjonsvilkåra som vart fastsett ved kongeleg resolusjon i januar i år vart Sira-Kvina pålagt slepp av minstevassføring i Gjosa i samsvar med det som vart avtalt med Sirdal kommune i 2016. NVE og OED har i revisjonsprosessen lagt vekt på miljøomsyn og forsøkt å balansere dette mot viktigheita av regulerbar kraft i kraftsystemet. Meininga var at minstevassføringa skulle komme vassdragsmiljøet i heile Gjosa til gode, sjølv om det var i dei øvste delane utan resttilsig behovet var størst. Pålegget om minstevassføring vart ikkje gitt for å styrke produksjonsgrunnlaget til eit nytt vasskraftverk.

Av omsyn til fossekall og den raudlista mosearten kystfloke er den faglege tilrådinga i konsekvensutgreiinga at ein etablerer så stor minstevassføring som mogeleg. Kommunedirektøren meiner det er rimeleg å stille vilkår som sikrar at minstevassføringa Sira-Kvina er pålagt å sleppe i Gjosa ikkje går inn i produksjonen til det nye kraftverket, men kjem vassdragsmiljøet i nedre del av Gjosa til gode slik det var meint det skulle gjera. Dette kan til eksempel gjerast ved å auke minstevassføringa frå inntaksdammen til Gjosa kraftverk tilsvarande sleppet frå Sira-Kvina sitt inntak. Då Gjosa kraftverk både er planlagt og konsesjonssøkt utan bruk av minstevassføringsvatn frå Sira-Kvina, bør prosjektet fint kunne late seg realisera utan dette vatnet.

Gjosa kraftverk vil i høve søknaden verte liggande sentralt i *“et av landets aller mest utbygde og belastede områder når det gjelder produksjon av elektrisk kraft”*. I søknaden vert det argumentert med at tiltaket sitt bidrag til samla belastning vil vera *“mikroskopisk”* sett opp mot belastninga som er der frå før. Kommunedirektøren er kritisk til denne måten å vurdere samla belastning på. Når den samla belastninga er høg frå før tilseier dette at terskelen bør vera høg for nye tiltak som aukar belastninga ytterlegare.

Det vert opplyst at det på søknadstidspunktet var inngått avtale om leige av fallrettar for 74% av fallrettane. Grunneigar Vidar Omdal har i ein merknad til konsesjonssøknaden gjort merksam på at utbyggar ikkje har teke kontakt med han for å undersøke mogelegheitene for å få tillating til å legge røyrgata over hans eigedom. Han påpeiker også at det i planane ikkje er teke omsyn til beitedyr som beitar i områda rett sør for Kolgrovet i perioden frå mai til november.

Tiltaket vil trenge dispensasjon frå arealføremåle LNFR i kommunedelplan Sirdal sør, plan ID 2013004. Forholdet til naturfare må avklarast i samband med dispensasjonssaka.

- Konsekvensar for born og unge.

Meir produksjon av fornybar energi og større samla belastning lokalt.

- Konsekvensar for helse, miljø og sikkerheit og beredskap

Negative miljøkonsekvensar lokalt knytt til tap av vassføring i nedre del av Gjosa. Positive konsekvensar nasjonalt og globalt knytt til produksjon av fornybar energi.

- Økonomiske konsekvensar av forslag til vedtak

Tiltaket vil gi kommunen inntekter i form av eigedomsskatt.

1. **Investering.** Ikkje relevant
2. **Drift.** Ikkje relevant
3. **Budsjettmessege inndekning.** Ikkje relevant

Konklusjon

Kommunedirektøren finn det krevjande å konkludere i denne saka. Det har gått knappe fire månader sidan kommunen formelt fekk gjennomslag for sitt krav om minstevassføring i Gjosa. Er det då riktig å stille seg positiv til ei ny utbygging som forringar vassdragsmiljøet i elva ytterlegare? Den samla belastninga knytt til kraftutbygging er allereie stor lokalt. Behovet for fornybar energi nasjonalt og globalt og ulemper knytt til andre former for utbygging er dei viktigaste momenta som talar for at det bør gjevast konsesjon. Saka kunne vore fremma med to likestilte forslag til vedtak.

